



DET KONGELIGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	19/110-	19.05.2020

## IVAR IKS - uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatnet, Bjerkreim kommune i Rogaland - klagesak

Vedtaket om løyve frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til IVAR IKS (IVAR) til uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatnet av 29.08.2018 er klaga på av Bjerkreim Bondelag, Gjesdal Bondelag og i ein klage frå 37 grunneigarar i nedslagsfeltet til Birkelandsvatnet.

NVE har vurdert dei 3 klagane utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 18.01.2019.

### 1. Bakgrunn

IVAR (Interkommunalt vass-, avløp- og renovasjonsverk eigd av 13 medlemskommunar i Sør-Rogaland) søkte 02.11.2015 om løyve etter vassressurslova til uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatnet. NVE gav løyve til tiltaket 29.08.2018. Tiltaket skal sikre tilstrekkelege mengder drikkevatt til Stavangerregionen fram mot 2050.

Løyvet gjeld eit vassuttak på inntil 2,5 m<sup>3</sup>/s frå Birkelandsvatnet. Det skal byggjast ca. 1 km ny anleggsveg, ca. 4,8 km ny råvasstunell og ein 0,8 km lang service- og tilkomsttunell med portalbygg. Sprengsteinmassar frå driving av tunellane er det planlagt å deponere lokalt.

Ulike vasskjelder og løysingar er vurderte. To av desse er konsekvensutgreidde, alternativ 1 Birkelandsvatnet og alternativ 2 Store Myrvatn. NVE har gitt løyve til alternativ 1 Birkelandsvatnet. Det vart ikkje søkt om løyve til andre alternativ.

Oppsummering av søknad, sakshandsaming, innkomne merknader og NVE sine vurderingar følgjer av NVE sitt vedtaksbrev og notat om bakgrunn for vedtak av 29.08.2018.

Postadresse  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo  
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 59  
oed.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
977 161 630

Avdeling  
Energi- og  
vannressursavdelingen

Saksbehandler  
Wencke Langlie  
22 24 63 38

## 2. Klagene

Bjerkreim Bondelag, Gjesdal Bondelag og 37 grunneigarar har klaga på vedtaket og meiner det ikkje bør gjevast løyve til uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatnet.

Sams for alle klagarane er at dei er uroa for at Birkelandsvatnet som drikkevasskjelde på sikt kan føre til restriksjonar for landbruk og annan aktivitet i nedslagsfeltet. Alle dei tre klagane peikar òg på Store Myrvatn som eit betre alternativ utan konflikhtar med landbruk og busetting. Bjerkreim Bondelag klagar òg på at det fastsette kravet til minstevassføring på 2,5 m<sup>3</sup>/s ut frå Birkelandsvatnet er ei for låg vassføring. Gjesdal Bondelag klagar på uttak av vatn frå Birkelandsvatnet og meiner at Store Myrvatn kan nyttast i samarbeid med Lyse kraft til kombinert uttak til drikkevatt og kraftproduksjon. Grunneigarane klagar på at lekkasje/vassforbruk opp mot vekst i folketalet ikkje er tilstrekkeleg vurdert av NVE.

I innstillinga i klagesaka har NVE gjeve att klagane i fulltekst. Departementet har òg hatt møter med både klagarane og tiltakshavar etter at klagesaka vart sendt frå NVE til departementet. I møta og i tida etter er det overlevert tilleggsinformasjon frå begge partar.

Departementet summerer opp dei ulike klagepunkta slik:

- Området rundt Birkelandsvatnet er eit viktig landbruksområde.
- Behov for klausulering kan komme som følge av endringar i landbruket, nye måtar for grunneigarane å nytte areala sine på, nye krav til vasskvalitet, nye EU-krav og nye lovkrav.
- Mogleg klausulering er ikkje konsekvensutgreidd.
- Konesjonsvurderinga har ikkje tatt tilstrekkelig omsyn til landbruksinteressene eller omsyn til utviklinga i eit langsiktig perspektiv.
- Drikkevassforskrifta set forbod mot ureining av drikkevatt, og landbruksaktivitet kan gi mange moglegheiter for forureining.
- Å hindre ureining frå landbruket kan koste dyrt for bonden.
- Behovet for meir drikkevatt kan bli større enn venta på lang sikt.
- Vilkår i løyvet for å kunne pålegge tiltak ved framtidig klausulering tyder på at klausulering kan bli aktuelt.
- Bruk av klausulering i eksisterande vasskjelder som IVAR nyttar og elles rundt om i landet tyder på at klausulering òg vil bli aktuelt for Birkelandsvatnet. Eit døme som vert peikt på er Jonsvatnet i Trondheim.
- Nye reinseanlegg har ikkje fjerna restriksjonar for eksisterande vasskjelder andre stadar.
- Det finst eit betre alternativ – Store Myrvatn - som kan kombinerast med kraftproduksjon.
- Å setje drikkevatt opp mot matproduksjon og landbruk, distrikt og busetting, utvikling og vekst er ikkje naudsynt.
- Vassdraget er verna.
- Minstevassføringa er for lita og kan påverke mellom anna laksenæringa.

- Når det er knapt med vatn – vil dei fyrste som får melding om å ikkje ta ut vatn vere bøndene i området.
- Det er urimeleg at inngrepet skal skje i ein kommune som ikkje er med i IVAR.
- Det er ikkje behov for ny drikkevasskjelde no fordi veksten i folketalet er lågare enn venta og mykje av vassbruken kan reduserast gjennom å tette lekkasjar.
- Saka om ureining av drikkevatn på Askøy gir grunn til frykt for at det same kan skje med Birkelandsvatn.
- Forbrukarmakta er veksande og menneska i 2030 finn seg kanskje ikkje i at sauar får beite ned til vatnet, eller kyr får vasse uti, eller hyttefolk får bade og køyre båt.

### 3. Tiltakshavar sine merknader til klagene

I innstillinga i klagesaka har NVE gjeve att merknadene frå IVAR IKS i fulltekst. Her vert det òg vist til IVAR sine merknader til innspel i høyringa. Hovudpunkta frå merknadane òg tilleggsdokument kan summerast opp slik:

- **Til klausulering og restriksjonar** – IVAR har ikkje søkt om klausulering fordi vasskjelda er robust og klausulering difor ikkje er naudsynt. Dette er vurdert av ulike fagmiljø (Mattilsynet, Multikonsult og NIVA). Grenser for ureining vil følgje av anna lovverk uavhengig av kva kjelda vert brukt til, og vil sikre god nok kvalitet for råvasskjelda no og for framtida. Vidare peiker IVAR på at reinsinga er god, med tre ulike barrierar (UV+klor+ozon) som gir ein stor reduksjon i bakteriar, virus og parasittar. IVAR har følgd NVE sitt utgreiingsprogram. Det er vidare peikt på at tryggleiken er så høg at det gir rom for å auke jordbruksarealet innanfor dei grensene som terreng og bonitet sett.
- **Verna vassdrag og laksevassdrag** – Tiltaket sine konsekvensar i denne delen av vassdraget vil vere relativt små for alle dei vurderte tema, og identiske for dei to tiltaksalternativa.
- **Kraftverk** – IVAR held fram at den økonomiske vinsten er så liten at det ikkje har nokon verknad for rangeringa av dei to utbyggingsalternativa.
- **Askøysaken** – IVAR presiserer at hendinga i Askøy er eit døme på at drikkevatnet er blitt ureina i eit høgdebasseng etter at vatnet er blitt handsama i eit vasshandsamingsanlegg. IVAR meiner såleis at dette ikkje er ei relevant problemstilling for deira planar om å bruke Birkelandsvatn som ny råvasskjelde.

### 4. Departementet sine merknadar

Løyve til uttak av drikkevatn kan bli gitt om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til tilhøve som ikkje er tatt opp av klagarane.

## **Behovet for å få på plass ei ny drikkevasskjelde**

I følgje søknaden frå 2015 må dei eksisterande hovudkjeldene som IVAR disponerer i dag supplerast med nye kjelder innan 8-12 år. Dette var rekna ut frå ein prognose for vekst i folketalet som er noko justert ned grunna konjunkturedgang i åra etter at søknaden vart sendt inn.

I tillegg peikar IVAR på at det var ein tørr sommar i 2018 som syner behovet for å få ei ny drikkevasskjelde til regionen innan rimeleg tid. Behovet for ny drikkevasskjelde er òg grunngeve med at dei kjeldene som IVAR disponerer i dag ikkje er bra nok. Desse vasskjeldene leverer tidvis dårleg kvalitet. IVAR ønskjer å erstatte delar av råvatnet frå Stølsvatn med råvatn frå Birkelandsvatn. Stølsvatn er den mest sårbare kjelda til IVAR. Den er lita og grunn, som igjen gir utslag i høge fargetal, høg temperatur om sommaren og tidvis dårleg bakteriologisk kvalitet.

I følgje grunneigarane er det ikkje trong for ny drikkevasskjelde enno fordi ein kan redusere lekkasjar i leidningsnettet.

I bakgrunnen for vedtaket peikar NVE på at tidsperspektivet med at vassbehovet må supplerast innan 10-15 år, og aukast med 30 mill. m<sup>3</sup> innan 2050, tilseier at dette vanskeleg kan løysast berre med reduksjon av lekkasjar i leidningsnettet.

Departementet er trass i ein noko nedjustert prognose i befolkningsvekst samd med IVAR og NVE i at det er naudsynt med ei ny råvasskjelde. Etter departementet sitt syn kan vassforsyninga framover ikkje basere seg på at lekkasjeprosenten vert redusert så raskt at dette kompenserer for eit aukande behov for vatn til eit aukande folketal i regionen. Departementet legg òg til grunn at det er behov for ei ny råvasskjelde av omsyn til vasskvalitet.

## **Val av alternativ**

Klagarane peikar på Store Myrvatn i Gjesdal kommune som eit betre alternativ. Denne kjelda ligg høgare i vassdraget og har ikkje konflikhtar knytt til landbruk. Det vert òg peika på at vatnet allereie i dag er eit regulert vatn innanfor IVAR sitt eige område.

Ulike vasskjelder og løysingar er vurderte i konsesjonshandsaminga. To av desse er konsekvensutgreidde, Birkelandsvatnet og Store Myrvatn. IVAR søker berre om uttak av vatn frå Birkelandsvatnet. Dette vert grunngeve med at denne kjelda skil seg positivt ut når det gjeld kostnadar, kvalitet, kapasitet, berekraftvurderingar, sikkerheit og vernebuing.

I følgje NVE er den største negative verknaden av tiltaket sjølve vassuttaket frå Bjerkreimsvassdraget som er eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Her er dei to alternativa like ved at begge tek ut samme mengd vatn frå Bjerkreimsvassdraget. NVE vurderer at dei to utbyggingsalternativa i liten grad skil seg frå kvarandre når det gjeld

verknadane for vassmiljøet. Etter NVE si vurdering vil begge utbyggingsalternativa, med avbøtande tiltak som føreslått, ha avgrensa verknadar for fisk og ferskvassbiologi.

Birkelandsvatnet har betydeleg lågare utbyggingskostnad og miljøverknadane er noko mindre grunna kortare vassveg og mindre inngrep. NVE vurderer at Birkelandsvatnet slik det er gitt løyve til er minst konfliktfylt med tanke på landskap og kulturmiljø.

NVE avvisar at kombinasjonen av uttak av drikkevatt og auka kraftproduksjon vil bidra til nokon større kostnadsreduksjon, og at dette difor ikkje vil vere avgjerande for konsesjonsvurderinga.

NVE meiner at ingen av dei to alternativa vil få nokon praktiske konsekvensar for landbruksdrifta, anna næringsliv eller friluftslivet utover anleggsfasen.

Sett bort frå eventuelle klausuleringar som vert drøfta som eige punkt under, kan departementet ikkje sjå at nokon av alternativa gir konsekvensar for landbruk eller anna arealutnytting utover anleggsfasen. Departementet legg vidare til grunn at begge alternativa gir gode samfunnsmessige løysingar når det gjeld vasskvalitet. Av konsekvensutgreiinga går det fram at begge alternativa har gode djupleikstilhøve, kaldt vatn, god hygienisk kvalitet og låge fargetal. Begge alternativa har òg god kapasitet.

Skilnaden mellom alternativa er størst når det gjeld utbyggings- og driftskostnadar. Konsekvensutgreiinga syner at kostnadene er vurdert som låge for Birkelandsvatn (utbyggingskostnad på 242 mill.kr) og høge for Store Myrvatn (utbyggingskostnad på 835 mill.kr). Det er og skilnad på dei to alternativa når det gjeld vurderinga av samfunnstryggleik og berekraft. For Birkelandsvatnet er det kort tunnelstrekning og god tilgang til anlegget medan det for Store Myrvatn er lang tunellstrekning, nedgravne røyr og vanskeleg tilgang. Birkelandsvatn er vurdert som eit mindre sårbart alternativ.

Departementet meiner at Birkelandsvatn gir den beste løysinga av dei to alternativa både teknisk, økonomisk og for miljøet.

### **Mistevassføring**

Det er hevda frå klagarane at minstevassføringa på 2,5 m<sup>3</sup>/sek vil vere for liten. Det går fram av bakgrunnen for vedtaket og NVE si innstilling i klagesaka at slepp av vatn frå dei eksisterande magasinane Stølsvatn og Romsvatn vil sørge for at vassføringa ut av Birkelandsvatn aldri vil vere lågare enn 2,5 m<sup>3</sup>/sek uavhengig av val av alternativ. NVE meiner at slepp av 2,5 m<sup>3</sup>/s i lågvassperiodar er tilstrekkeleg for å sikre god arealdekking i tørre periodar. NVE vurderer vidare at minstevassføringa vil motverke dei lågaste vassføringane i dag og truleg ha positiv effekt på fiskeproduksjonen. Departementet sluttar seg til NVE si vurdering og kan ikkje sjå at det er kome nye opplysingar som tilseier at minstevassføringa ikkje er tilstrekkeleg.

## **Fordeling av vatn i tørkeperiodar**

Bjerkreim Bondelag har etter at klagesaka vart sendt over til departementet kome med ei tilleggsoppløysing knytt til periodar med tørke. Dei hevdar at det vil vere bøndene i området som vil vere dei fyrste som får melding om å ikkje ta ut vatn når det er knapt med vatn.

Departementet viser til regler i vassressurslova om grunneigarane sin rett til å ta ut vatn til eige hushald og til husdyr og at desse uttaka er prioritert før andre vassuttak, òg dei som har løyve. Departementet er heller ikkje einig med bondelaget i at situasjonen vil vere dårlegare i tørre periodar etter ei utbygging. Departementet viser til at Stølsvatn og Romsvatnmagasinet vil bli nytta som reguleringsmagasin for å sikre minstevassføring ved ekstrem tørke. Dette vil gjere situasjonen for både bønder og IVAR IKS meir robust enn den eksisterande situasjonen for Birkelandsvatn og vassføringa ut av det.

## **Behov for restriksjonar – betydning for landbruks- og andre arealbruksinteresser**

Eit viktig punkt i klagen er frykta for framtidige klausuleringar og konsekvensar for landbruksdrift og anna arealutnytting i eit lengre perspektiv. Det blir mellom anna peikt på at restriksjonar kan kome som følgje av endringar i landbruket, nye måtar for grunneigarane å nytte areala sine på, nye krav til vasskvalitet, nye EU-krav og nye lovkrav.

NVE har lagt vekt på at Mattilsynet som faginstans vurderer Birkelandsvatnet som ei svært sikker kjelde. Mattilsynet har godkjent Birkelandsvatnet som vasskjelde utan klausulering, og meiner at gjeldande lover og regelverk vil skjerme kjelda for uheldig påverknad og forureining i overskodelig framtid. Resultata frå konsekvensutgreiinga og alle undersøkingar som er gjort underbyggjer denne konklusjonen. Godkjenninga vart klaga på av Bjerkreim kommune. I det endelege vedtaket av 5. juli 2013 vert godkjenninga stadfesta og Mattilsynet stadfesta at Birkelandsvatn har tilstrekkeleg tryggleik mot uheldige påverknader, uavhengig av status som framtidig vasskjelde gjennom gjeldande regelverk slik som vassressursdirektivet, forureiningslova, plan- og bygningslova og jordlova.

Av omsyn til usikkerheit og uro uttrykt frå fleire av høyringspartane knytt til spørsmålet om framtidig klausulering av areal, har NVE teke med eit eige vilkår i konsesjonen som opnar for at NVE kan pålegge IVAR avbøtande tiltak dersom klausulering likevel blir aktuelt. Departementet er ikkje einig med klagarane i at dette i seg sjølv syner at klausulering kan bli aktuelt.

Departementet viser til at det er Mattilsynet som har kompetanse når det gjeld å vurdere vasskvalitet og trongen for restriksjonar. Departementet viser til Mattilsynet si endelege avgjerd i 2013 og legg såleis til grunn at klausulering ikkje vil bli aktuelt i overskodelig framtid.

Når det gjeld forureininga av høgdebassenget på Askøy våren 2019 legg departementet til grunn at dette er ei anna problemstilling, då dette var knytt til forureining etter at vatnet er behandla i vassbehandlingsanlegget. Departementet legg difor ikkje vekt på dette. Etter

departementet sitt syn kan det heller ikkje leggjast særleg vekt på at ein i framtida kan kome til å ha eit endra syn på kva som er akseptabel arealbruk i område nær ei drikkevasskjelde.

Sjølv om departementet legg til grunn at det ikkje vil bli aktuelt med restriksjonar på arealbruken i området, meiner departementet at vilkåret om avbøtande tiltak ved klausulering kan oppretthaldast i løyvet. Etter departementet sitt syn bør vilkåret òg endrast slik at det vert utløyst ved alle restriksjonar, ikkje berre ved store restriksjonar. Det skal òg gå fram av vilkåret at eventuelle kostnader for grunneigarane ved slike restriksjonar skal verte dekt av IVAR.

### **Oppsummering**

Uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatn vil i tråd med NVE sitt vedtak skaffe innbyggjarane i Stavangerregionen tilstrekkelege mengder drikkevatt av god kvalitet til alle tider av året. Departementet meiner det er naudsynt å gi løyve til nytt drikkevassuttak no, og at vassforsyninga ikkje kan løysast berre med reduksjon av lekkasjar i leidningsnettet.

Departementet meiner den største negative verknaden av tiltaket er sjølve vassuttaket frå Bjerkreimsvassdraget som er eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Etter departementet si vurdering skil dei to alternativa Birkelandsvatn og Store Myrvatn seg lite frå kvarandre når det gjeld verknadar for vassmiljø. Uttak av vatn frå Birkelandsvatn vil med dei fastsette avbøtande tiltaka ha avgrensa verknadar på fisk og ferskvassbiologi.

Departementet viser til Mattilsynet si godkjenning av vasskjelda og legg til grunn at uttaket kan skje utan klausulering. Departementet finn difor at tiltaket ikkje vil ha negative verknadar for landbruket utover anleggstida. Etter departementet sitt syn er alternativet med uttak av vatn frå Birkelandsvatn det beste alternativet ut frå kostnader, tryggleik, utbyggingstid og naturinngrep. Når det gjeld vasskvalitet og kapasitet syner konsekvensutgreininga at begge alternativa gir gode løysingar.

Å skaffe innbyggjarane tilstrekkelege mengder drikkevatt av god kvalitet er eit viktig samfunnsomsyn. Departementet meiner at tiltaket, med fastsette vilkår om slepp av minstevassføring, vil ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv og andre interesser. Departementet kan ikkje sjå at trongen for vatn kan dekkast på nokon annan og betre måte.

Departementet vil peike på at tiltaket òg må vere i samsvar med anna lovverk og godkjenningar, slik som til dømes krava i forureiningslova og drikkevassforskrifta og som føresett i godkjenninga frå Mattilsynet.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelene ved uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatn er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilket for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

## **5. Departementets vedtak**

Klagene frå Bjerkreim Bondelag, Gjesdal Bondelag og frå dei 37 grunneigarane blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 29.08.2018 blir halde ved lag, men vilkår nr 5 i vilkårssettet vert endra som følgjer:

*"Dersom vannuttaket i fremtiden medfører klausulering eller restriksjoner i arealbruken skal IVAR dekke eventuelle kostnader som dette påfører grunneierne. NVE kan ved slike restriksjoner også pålegge IVAR nye tiltak for å avbøte negative virkninger ovenfor allmenne og private interesser."*

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Wencke Langlie  
underdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
IVAR IKS



## Adresseliste

Bjerkreim Bondelag v/Geir Ove Tysland	Ognedalsvegen 95	4387	BJERKREIM
Gjesdal Bondelag v/Marit Epletveit	Sygnivollen	4330	ÅLGÅRD
Ivar Are Veen	Veen 1	4389	VIKESÅ
Tor Gunnar Gjedrem	Gloppedalsvegen 1291	4389	VIKESÅ